



# ALVER

K O M M U N E

## Innspel til kommuneplanen sin arealdel

Innsendt	02.09.2022 10:08:48
ReferanselD	ALV0039-1043498
<b>Innsendar</b>	
Innspel til <input checked="" type="checkbox"/> planprogrammet <input type="checkbox"/> arealdel	
Innspel på vegne av <input checked="" type="checkbox"/> Privat person <input type="checkbox"/> Verksemd	
<b>Privat person</b>	
Namn Trine Bruvik	
Adresse Eikelandsvegen 148b Rossland	
Postnr/sted 5917 ROSSLAND	
Mobil 95205325	
Epostadresse trine@familienbruvik.no	

### Planprogrammet

Innspel til planprogrammet

Les i plan for gamle Meland at kommunen legg plan for ny barneskule i Frekhaug området. Vel og bra. Stor byggeaktivitet og full skule på Sagstad gjer truleg at det er naudsynt. MEN!!! Den saktegåande prosessen med vegutbygging Fløksand-Rossland har teke kvartak på nordre Holsnøy. Leirdalen barnehage hadde berre ein ny søknad i haust. Det bør vera eit skikkeleg varsku for kommunen, og for oss som bur her ute er det skremmande. Antalet nye elevar er blitt lågare enn tidlegare på Rossland skule. Små klassar er blitt regelen, heller enn unntaket. Ein skule med supert miljø som skulle ha fått blomstre vidare! Vi har lenge kjent på usikkerhet om at ungdommane skulle verte sedt ut av bygda til ny ungdomsskule på Frekhaug. No anar eg at spøkelset også legg seg over barneskulen. Tilstrøyming av nye born vert stoppa av byggestopp grunna vegprosjektet som kjem alt for seint i gang. Vi har skule og barnehage med ledig kapasitet. Det er ikkje greit å verte oversett slik som dette. Få i gang veg og igangsetting av bygging på nordre del av øya! Byggelandet ligg godkjent og klart for bygging når vegen kjem.

### Eventuelle vedlegg

#### Vedlegg

Ingen vedlegg er lagt til